


Heidersdag for Hans Reidar og Rakel.

31.03.2017



Det blir ein stor dag både for Hans Reidar og rekordkua Rakel laurdag!

**Buskap.no gjorde i førre veke kjent at kua Rakel i buskapen til Hans R. Kjærland var den klart mest høgtytande i landet i 2016 slik uskedalen.no antyda [i ein tidlegare artikkel](#). Dette vert i dag markert med gjestande landbrukstoppar på omvisning i bygda, og open fest for alle i Helgheim i ettermiddag.**

Det er Landbruksprodusentanes Landsforrenings(LPL) som står bak markeringa med Bondelaget som lokal teknisk arrangør. Det kjem gjester fra både fylkeslag og sentralleiring i Noregs Bondelag og frå Landbruksdepartementet tillegg til LPL. Truleg er også landbruksminister Jon Georg Dale med i følgjet som skal heidra Rakel som produserte utrulege 20.586 kg energikorrigert mjølk. Det var over 1000 kg meir enn nr.2 i landet, Rosalin av rasen Svart Holstein, som held til på ein storgard i Nedre Eiker.

Gjestefølgjet kjem til Uskedalen i ellevetida om føremiddagen, og Bondelaget oppfordrar både bøndene og alle andre til å heise flagget og presentera bygda på beste måte. Følgjet skal møte på Kjærland der dei vert presentert for gardsdrifta der. Deretter vert det besøk på traktorsamlinga til Trond og Asbjørn Olsen før det vert lunsj hos Elins Matgleder. Etter lunsj skal gjestefølgjet på omvisning i det nye, moderne fjøset til Runar Myklebust.

Klokka 15 er det klart for festmarkering med gratis middag i Helgheim. Denne er open for alle, og til middag står Roy Lervåg si fantastiske oksegryte på menyen. Desserten er råmjelkspudding noko som skulle passa svært godt denne dagen. Her får ein til og med to variantar som er ganske forskjellige, å velja i. Gardskona Anne Marit Myhre er meister for det eine slaget etter ei gammal oppskrift frå Østerdalen, medan meisterkokken Roy Lervåg har laga den andre slik den vart servert på Møre før i tida. Hovudingrediensen i begge er sjølvsagt råmjelk frå Rakel som kalva sist veke.

Under middagen vil Hans Reidar Kjærland fortelja om Rakel og bakgrunnen for dei gode resultata i buskapen hans. Anne Marit Myhre, som syt for at kyrne på Kjærland held seg friske ved hjelp av homeopati, vil ha eit kort innlegg om det interessante temaet «Erfaringar med homeopati og kuhelse». Statssekretær Terje Allstadbømo

i Landbruksdepartementet vil også ha eit kort innlegg om «Framtidsutsikter i Vestlandsjordbruket – Overføringer». Ein filmsnutt om mjelking og kustell på Kjærland vert også vist. Det vert tillegg kulturelle innslag. Arne Torget vil vera med å få opp stemningen. Han skal mellom anna framføra eit nyskrive dikt «Til Kjærlandskjetto». Trompetisten Vegard Døssland som er heime frå Oslo, vil saman med musikkvenner bidra med nokre nummer, - både kulokkar og annan trompetmusikk.

«Eg syns dette er altfor mykje styr. Det er ikkje derfor eg driv gard», seier bonden sjølv, Hans Reidar Kjærland, men legg likevel til at han set pris på at LPL sponsar heile festivitasen. «Det er flott, så eg håpar verkeleg bygdefolket set pris på at dei gjer dette her ute på landsbygda, og stiller opp. Eg trur det vert ein flott fest for alle der ein slett ikkje treng vera bonde, eller koma stivpynta. Det er inga påmelding. Det er berre å møta opp. Alle er svært velkomne!» avluttar gardbrukaren som får mykje velfortent merksemld for tida.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat